

KOMMISJONSVEDTAK

av 17. juli 1995

om ei felles teknisk forskrift om krav til mottakarar for det felleseuropeiske, jordbaserte personsøkjarsystemet (ERMES)(*)

(Tekst som er relevant for EØS)

(95/290/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/263/EØF av 29. april 1991 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om teleterminalutstyr samt gjensidig anerkjennelse av utstyrets samsvar⁽¹⁾, endra ved direktiv 93/68/EØF og 93/97/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 2,

med tilvising til rådsdirektiv 90/544/EØF av 9. oktober 1990 om frekvensbånd utpekt for samordnet innføring av en felleseuropeisk, jordbasert offentlig personsøkertjeneste i Fellesskapet⁽³⁾,

med tilvising til rådsrekommendasjon 90/543/EØF av 9. oktober 1990 om samordnet innføring av en felleseuropeisk, jordbasert offentlig personsøkertjeneste i Fellesskapet⁽⁴⁾, der det i samband med direktiv 90/544/EØF går fram at ERMES er ei teneste som Rådet har sett seg føre å gjere tilgjengeleg i heile Fellesskapet, og

ut frå desse synsmåtene:

Etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 14 i direktiv 91/263/EØF, og særleg i samsvar med den fråsegna som Utvalet for godkjenning av teleterminalutstyr (ACTE) gav 20. februar 1992, har Kommisjonen vedteke eit tiltak for å klarleggje kva type terminalutstyr som bør omfattast av ei felles teknisk forskrift, og den tilhøyrande fråsegna om verkeområdet for forskrifta.

Det rette standardiseringsorganet har utarbeidd dei harmoniserte standardane som dei gjeldande grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av.

I samsvar med artikkel 6 nr. 2 andre strekpunktet i direktiv 91/263/EØF har Kommisjonen lagt utkastet til tiltak fram for ACTE til fråsegn.

I medhald av artikkel 6 nr. 2 andre strekpunktet i direktiv 91/263/EØF har Kommisjonen ansvaret for å vedta dei tilsvarande harmoniserte standardane som dei grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av, og som skal gjerast om til felles tekniske forskrifter.

Den felles tekniske forskrifta som er vedteken i dette vedtaket, er i samsvar med den fråsegna som ACTE gav 7. november 1994 -

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Dette vedtaket skal gjelde for terminalutstyr som skal koplatt til det felleseuropeiske, jordbaserte offentlege personsøkjarsystemet, kalla «det europeiske personsøkjarsystemet» (ERMES), og som fell inn under verkeområdet for den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1 i dette vedtaket.

2. I dette vedtaket er det fastsett ei felles teknisk forskrift om krav til mottakarar for det terminalutstyret som er nemnt i nr. 1.

Artikkel 2

1. Den felles tekniske forskrifta skal femne om den harmoniserte standarden som det rette standardiserings-organet har utarbeidd, og som dei grunnleggjande krava i artikkel 4 bokstav e) og f) i direktiv 91/263/EØF skal gjennomførast ved hjelp av. Tilvisinga til standarden er oppført i vedlegget.

2. Terminalutstyr som dette vedtaket omfattar, skal vere i samsvar med den felles tekniske forskrifta som er nemnd i nr. 1, og skal stette dei grunnleggjande krava som er nemnde i artikkel 4 bokstav a) og b) i direktiv 91/263/EØF, og krava i andre direktiv som gjeld for utstyret, særleg rådsdirektiv 73/23/EØF⁽⁵⁾ og 89/336/EØF⁽⁶⁾.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 182 av 2.8.1995, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 3/97 av 10. mars 1997 om endring av EØS-avtalens II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 128 av 23.5.1991, s. 1.

(2) TEF nr. L 220 av 31.8.1993, s. 1, og TEF nr. L 290 av 24.11.1993, s. 1.

(3) TEF nr. L 310 av 9.11.1990, s. 28.

(4) TEF nr. L 310 av 9.11.1990, s. 23.

(5) TEF nr. L 77 av 26.3.1973, s. 29.

(6) TEF nr. L 139 av 23.5.1989, s. 19.

Artikkel 3

Når det gjeld terminalutstyr som kjem inn under artikkel 1 nr. 1 i dette vedtaket, skal dei melde organa som er peika ut til å gjennomføre dei rutinene som er nemnde i artikkel 9 i direktiv 91/263/EØF, nytte den harmoniserte standarden som er nemnd i vedlegget, eller syte for at han vert nytta, innan den datoen då dette vedtaket tek til å gjelde.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. juli 1995.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG**Tilvising til den gjeldande harmoniserte standarden**

Den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 i dette vedtaket, er:

Radioutstyr og -system (RES: Radio equipment and systems)

Det europeiske personsøkjarsystemet (ERMES)

Krav til mottakar

ETSI

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar

ETSI-sekretariatet

TBR 7 - november 1994

(utan forordet)

Tilleggsopplysningar

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar er godkjent i medhald av rådsdirektiv 83/189/EØF⁽¹⁾.

Den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, er utarbeidd i medhald av eit mandat som er gjeve etter dei aktuelle framgangsmåtane i direktiv 83/189/EØF.

Den fullstendige teksta til den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, kan skaffast frå:

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar,
F-06921 Sophia Antipolis Cedex

⁽¹⁾ TEF nr. L 109 av 26.4.1983, s. 8.